

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/508

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2017	Kraftfondsstyret	PS	19.04.2017
	Kommunestyret	PS	

Søknad om lån gjennom kraftfondet - Kvingo nærkjøp as

Vedlegg:

Journalposttittel
Kraftfondet

Dato
07.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvingo nærkjøp as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 500.000 til omsøkte investeringsformål. Lånet vert gitt med 10 års nedbetalingstid.
2. Lån med pant i eideom/anlegg
3. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 27.04.2018
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om lån gjennom kraftfondet med kr. 500.000 som delfinansiering av påbygg eksisterande bygg, samt laga til sanitæranlegg og kafe. Samla investering om lag 1,5 mill.kr.

Fakta

Viser til søknaden frå Kvingo nærkjøp som følgjer som saksvedlegg.

Litt saksa frå vedtektene og retningslinene for kraftfondet.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Prosjektet er innafør det føremål kraftfondet kan nyttast til.

Vurdering

Prosjekt basert på lån er å prioritere framfor tilskot gjennom kraftfondet. Lån vert gitt med gunstige rentevilkår, som kan vere gunstig for realisering av prosjekt. For kommunen vil utlån sikre tilbakeføring av midlar til fondet

Konklusjon

Kvingo nærkjøp as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 500.000 til omsøkte investeringsføremål. 10 års nedbetalingstid.

Lån med pant i eigedom/anlegg

Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 27.04.2018

Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Kraftfondsstyret - 006/2017

KRFT - behandling:

Saka vart lagt fram i møtet.

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Formannskapet innstiller positivt på at Kvingo Nærkjøp AS får lån gjennom kraftfondet med kr 500 000 som delfinansiering av påbygg eksisterande bygg, samt laga til sanitæranlegg og kafe.

Rådmannen får fullmakt til å ferdigstille saka samt lage eit korrekt framlegg til vedtak til kommunestyret.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Formannskapet innstiller positivt på at Kvingo Nærkjøp AS får lån gjennom kraftfondet med kr 500 000 som delfinansiering av påbygg eksisterende bygg, samt laga til sanitæranlegg og kafe.

Rådmannen får fullmakt til å ferdigstille saka samt lage eit korrekt framlegg til vedtak til kommunestyret.